

# Forskrift om godtgjersle for folkevalde 2023 - 2027 i Time kommune

Fastsett av Time kommunestyre (dato) med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) § 8-3, § 8-4, § 8-5, § 8-6, § 8-7, § 8-8, § 8-9 og til 8-10.

## § 1 Føremål

Forskrifta skal legga til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

## § 2 Verkeområde

Forskrifta omfattar ordførar, varaordførar og politiske medlemmer av alle faste styre, råd og utval og til medlemmer av utval oppnemnt av kommunestyret, formannskap eller utval for lokal utvikling og utval for levekår.

## § 3 Årleg godtgjersle/arbeidsgodtgjersle

Godtgjersla omfattar alle møter, kurs, konferansar, representasjonar og liknande som ein vert kalla inn til eller pålagt å møta på.

Godtgjersla dekker alle utgifter i samband med møta, med unntak av reiseutgifter og utgifter til barnepass **og stedfortreder**.

**Har eit medlem planlagt forfall, avkortes godtgjering umiddelbart automatisk med beløp tilsvarende varamedlemmet si godtgjering. (Med planlagt forfall meinast bl.a. ferie/fri, arbeid.....)**

Fråvær på meir enn 25 % pr. kalender år av dei faste møta fører til tilsvarende reduksjon av den faste godtgjersla.

Godtgjersle for politiske møte og representasjonar vert fastsett av kommunestyret. Avtroppande kommunestyre fastsett godtgjersle for komande nyvalde kommunestyre og dei nemnder, råd og utval som følgjer av nyvalet.

### § 3-1 Ordførar si godtgjering

Ordførar i heil stilling skal ha ei årleg godtgjersle på **110 % av storingsrepresentantane si godtgjersle** ~~løn lik kommunedirektør~~. Ved skifte av ordførar, får ny ordførar godtgjersle frå konstituerande møte og avgåande ordførar ~~ei månadslønn etter konstituerande møte~~. **til 31. oktober.**

Ordførar gis ei ettergodtgjering på inntil 3 månader frå 1. november om han/ho ikkje inntretr i tidegare stilling/ny stilling eller går av med pensjon jf. koml. § 8-6 andre og tredje ledd.

### § 3-2 Varaordførar si godtgjering

Varaordførar har eit berekna årsverk på ~~42,5%~~ **15 %** og har ei godtgjersle for dette forholdsmessig etter godtgjersla til ordførar. I tillegg kjem fastsett godtgjersle som

medlem og evt. leiar av utval.

Vert ordførar fråverande over lengre tid enn ei veke, som til dømes ved sjukdom eller tilsvarande, overtar varaordførar denne funksjonen og ordførar sin godtgjersle frå første dag. Godtgjersla vert ikkje gitt ved feriefråvær.

Overtar varaordførar ordførar sin godtgjersle fell eiga godtgjersle bort for same periode.

### § 3-3 Leiar og nestleiar si godtgjering

Leiar av utvala for lokal utvikling og utval for levekår skal ha ei godtgjersle på 3,5 % av ordføraren si årsløn i tillegg til møtegodtgjersle. Leiar av kontrollutvalet og Senior- og Brukarrådet får 2 % i tillegg til møtegodtgjersle.

**Nestleiar som fungerer som leiar i eit møte får i tillegg til møtegodtgjersle 0,1 % av ordføraren si godtgjersle.**

### § 3-4 Møtegodtgjersle

Medlemmer av kommunestyret og faste utval skal ha % av ordføraren si godtgjersle

Kommunestyret (inkl. SU møte)	4,0%
Formannskapet, inkl. adm.utval og valstyret	6,0 %
Utval for Lokal utvikling	3,5 %
Utval for Levekår	3,5 %
Kontrollutvalet	2,0 %

Medlemmer av andre nemnder, råd og utval får følgjande godtgjersle:

Leiar:	fast godtgjersle pr år	kr 1 800	<b>(0,16%)</b>
	og godtgjersle pr møte	<del>kr 1 000</del>	<b>(0,1 %)</b>
Medlem:	godtgjersle pr møte	<del>kr 1 000</del>	<b>(0,1 %)</b>

Oppnemnde medlemmer i styre, råd og utval utanfor kommunen, og som ikkje får møtegodtgjersle der, skal ha godtgjersle etter dette punkt.

### § 3-5 Ad hoc utval og andre mellombels oppretta utval

Leiar:	godtgjersle pr møte	kr <del>800</del> <b>kr 1 000</b>
Medlem:	godtgjersle pr møte	kr <del>500</del> <b>kr 700</b>

### § 3-6 Ungdomsråd

Leiar:	godtgjersle pr møte	<del>kr 400</del> <b>kr 500</b>
Medlem:	godtgjersle pr møte	<del>kr 200</del> <b>kr 300</b>

### § 3-7 Godtgjersle i samband med val

a. Leiarar i stemmestyra	kr 4 500
b. Medlemmer av stemmestyra/valfunksjonær valdagen	kr 3 500
c. Medlemmer av stemmestyre/valfunksjonær ved sundagsval	kr 2 500

### § 3-8 Varamedlemmer si godtgjering

Møtande varamedlem i faste politiske styringsorgan får ei godtgjersle på **0,1 % av ordføraren si godtgjersle** kr 4000 for å delta i heile møtet og **0,05%** kr 500 for å delta under behandlinga av inntil to einskilde saker i same møte (der dette utgjer ein mindre del av sjølve møtet)

(Vurdering: satsen på ~~kr 500~~ **0,05 %** vert nytta når den møtande vararepresentanten ikkje treng å vera til stades meir enn inntil 1/3 av sjølve møte. Må vedkomande vere til stades meir enn 1/3 av tida for møtet, vert det gitt full sats)

Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle til møtande vararepresentantar for formannskapetetsmøte av inntil 1 times varigheit umiddelbart før eller etter kommunestyremøte. Det same gjeld andre uval der deler av representantane er dei same.

### § 3-9 Gruppeleiar si godtgjering

Gruppeleiarar får ei årleg godtgjersle på ~~2,5%~~ **3 %** av ordførar si godtgjersle. Denne godtgjersla vert gitt i tillegg til anna godtgjersle etter desse retningslinjene. Skal utbetalast med 1/12 pr. mnd.

### § 4. Reiseutgifter

Reiseutgifter i samband med utføring av vervet som politisk tillitsvald, vert dekkja etter reglane i det kommunale reiseregulativet. Den tillitsvalde må sjølv leggja fram reiserekning på fastsett skjema, og leverast inn minst kvart halvår.

I dei tilfella det ikkje vert nytta offentleg kommunikasjon, vert det oppmoda om – der det høver – at ein ordnar seg slik at fleire kan reisa i same bil.

### § 5. Kostgodtgjersle

Normalt vert det ikkje betalt kostgodtgjersle. For møte/synfaring som ein reknar med vil vere meir enn ca 3 timar, kan det ordnast med enkel servering på kommunen sin kostnad.

Ved deltaking i konferansar, møter, representasjonsoppdrag og liknande utanfor kommunen, blir det betalt kostgodtgjersle etter gjeldande reglar dersom det ikkje er ordna med felles servering.

### § 6. Utgifter til barnepass eller stedfortreder

~~Einslege forsørgjarar og ektefellar / sambuarar kan får dekkja utgifter til pass av barn. Utgiftene må vera dokumenterte og den andre parten må vera i løna arbeid i møtetida.~~

~~Utgiftene vert dekkja med inntil kr 400 for møte på 4 timar eller mindre, og inntil kr 800 for møte over 4 timar. Vedkomande må sjølv fremja krav om dekking av barnepass.~~

~~Som mindreårig reknar ein dei aldersgrensene som omtalt i AML (arbeidsmiljølova) § 33 A.~~

**Folkevalde med omsorgsfunksjonar for barn eller andre personar som i samband med utføring av vervet blir påførte utgifter til barnepass eller stedfortreder, blir fullt ut erstatta legitimerte utgifter med inntil kr 500 for møter på fire timar eller mindre, og inntil kr 1 000 for møter over fire timar. Utgiftene blir dekte til og med det året barnet fyller 12 år. Denne avgrensinga gjeld likevel ikkje barn med funksjonsnedsetjing. Legitimerte utgifter blir utbetalte direkte til barnepassar, jf. a-opplysningslovens § 1.**

### **§ 7. Tapt arbeidsforteneste**

Ved legitimerte utgifter:	inntil 4 timer pr dag:	inntil kr 1 600
	4 timer eller meir pr dag:	inntil kr 2 400

Ulegitimerte utgifter:	inntil 4 timer pr dag:	inntil kr 600
	4 timer eller meir pr dag:	inntil kr 1 200

Tapt arbeidsforteneste vert berre utbetalt dersom møtet er lagt til ei slik tid at vedkomande må ta fri frå ordinært arbeid for å delta i møtet.

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste for næringsdrivande gjeld berre for møte som tek til før kl. 18.00.

### **§ 8. Godtgjersle for telefon og nettbrett**

Medlemmer i kommunestyret, formannskapet, utval for lokal utvikling, utval for levekår, kontrollutval senior- og brukarrådet og ungdomsrådet disponerer kvar sin iPad.

**For kommunestyregrupper med 1-6 representantar disponerer 1. vararepresentant iPad. For kommunestyregrupper over 6 representantar disponerer både 1. og 2. vararepresentant iPad.**

~~Ordførar får dekkja telefon med kommunal mobiltelefonordning (høg sats).~~

Ordførar får dekkja telefon med kommunal mobiltelefonordning og digitalt abonnement på Kommunal rapport og relevante lokale aviser.

Andre utgifter vert dekkja etter rekning.

### **§ 10. Rett til sjukepengar, rettigheter ved yrkesskadar, permisjonar og pensjonsordning**

Folkevalde som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse skal ha same rett til yting som tilsette i kommunen. Ordføraren er medlem av pensjonsordninga i KLP.

**Ved evt. reduksjon av stilling ved tiltredelse som varaordfører blir han/ho meldt inn i pensjonsordninga i KLP.**

### **§ 9. Arbeidsstasjon for politisk arbeid**

Kvart politisk parti som er representerte i kommunestyret, skal ha ein tilrettelagt arbeidsstasjon for politisk arbeid. Rom som blir stilt til disposisjon skal ha trådløs tilkopling til internett.

Arbeidsstasjonen skal vera tilrettelagt både for internt partipolitisk arbeid, men også retta ut mot arbeid for innbyggjarane i kommunen.

### **§ 10. Anna**

- a. Fast godtgjersle blir utbetalt med 1/12 av årssummen kvar månad.
- b. Variable godtgjersle, dvs. godtgjersle pr. møte, skal utbetalast kvart halvår. Variable godtgjersle vert utbetalt ut frå frammøte. Dette går fram av protokollar/referat.
- c. Krav på dekning av utgifter eller tapt arbeidsforteneste bør leverast inn minst kvart halvår. Kravet er forelda 3 år etter at møtet er halde.
- d. Kommunedirektøren har fullmakt til å avgjera tvilsspørsmål og stå for den praktiske av ordninga. Avgjerder kan klagast inn for formannskapet.

### **§ 12. Partitilskot**

Alle partigrupper som er representert i kommunestyret får utbetalt eit årleg beløp på 0,15 % av ordfører si godtgjersle i grunnstøtte og 0,30 % pr representant.

I valåret blir heile støtta frå kommunen betalt ut på bakgrunn av inneverande valperiode.

Støtta blir gitt til partigrupper som er representert i kommunestyret etter valprotokollen.

### **§ 13. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 17. oktober 2023